

ENDRA AS
Postboks 2015
5504 HAUGESUND

Vår dato: 10.02.2025

Vår ref.: 202401425-45 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Endra AS - Oversending av konsesjon for Nesse solkraftverk

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har i dag gitt Endra AS konsesjon for å bygge, eige og drive Nesse solkraftverk med nettilknytning, transformatorstasjonar og anna nødvendig høgspenningsanlegg. Løyvet er gitt etter energilova § 3-1 og har ein varigskap på 30 år.

Solkraftverket er lokalisert i Sveio kommune, Vestland fylke og har eit planområde med eit samla arealbeslag på om lag 146 dekar. Det er gitt konsesjon for ein samla installert effekt på 11,2 MWp med ein maksimal omformarkapasitet på 10 MW. Solkraftverket har ein venta årleg energiproduksjon på 10,2 GWh, noko som svarer til den årlege energibruken til om lag 500 hushald.

Planområdet består i dag av open og delvis skogkledt beitemark og er brukt til beite for storfe. Det er planlagt at solkraftverket skal drivast i kombinasjon med beite for småfe.

Om vedtaket

NVE har vurdert at solkraftverket vil medføre få negative verknader for samfunn og miljø. Vi har lagt vekt på at anlegget vil gi styresmakter, nettselskap og andre meir kunnskap og erfaring om bygging og drift av denne typen anlegg i Noreg. Samla sett meiner vi fordelane av anlegget er større enn ulempene.

Vurderinga er basert på at konsesjonær bygger og driv anlegget på ein skånsam måte. NVE har derfor sett ei rekke krav til bygging og drift av anlegget, mellom anna at det ikkje skal gjerast inngrep i myr og at tiltakshavar skal oppretthalde kantvegetasjon mot bekkene som går gjennom planområdet. NVE har også sett som krav at konsesjonær skal beskrive korleis Nesevegen skal bli etterlett i same eller betre stand etter at anleggsarbeidet er gjennomført.

Dersom konsesjonær i detaljplan legg fram ei utbyggingsløyising som har andre vesentlege verknader enn det som NVE har lagt til grunn i vedtaket, vil vi vurdere om det er behov for at konsesjonær utarbeidar ein ny søknad om konsesjonspliktige endringar.

Vedlagt blir konsesjonen og notatet «Bakgrunn for vedtak» oversendt. Dokumenta kan også hentast frå www.nve.no/18251/A.



Vedtaket kan bli påklaga. Sjå orientering om rett til å klage på siste side i dette brevet. NVE legg til grunn at mottakarar av dette brevet er orienterte om vedtaket.

Orientering av grunneigarar/rettshavarar og naboar

NVE pålegg hermed Endra AS om å snarast vidaresende dette brevet til aktuelle grunneigarar, rettshavarar, naboar og tverrbuarar og ev. andre som bør ha kjennskap til vedtaket. NVE ber om ei stadfesting på at orienteringsbrevet er sendt med opplysing om dato for utsendinga.

Med helsing

Ann Myhrer Østenby
seksjonssjef

Jo Arne Marvik
rådgivar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

Mottakarliste:

ENDRA AS

Kopimottakarliste:

Sveio Idrettsråd
Sveio næringsforum
Sveio sau og geit
Urhaugtunet vel
Sveio bondelag
Sveio bonde og småbrukarlag
Vigdar grunneigarlag
sveio jakt fiske og naturvernlag
Naturvernforbundet Haugaland
STATENS VEGVESEN
Sveio kommune
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
STATNETT SF
Meteorologisk institutt
FORNYBAR NORGE
NORGES NATURVERNFORBUND
Forsvarsbygg
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)
Norges Miljøvernforbund
Energidepartementet



Nasjonal kommunikasjonsmyndighet
Birdlife Norge
Luftfartstilsynet
Norskog
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
AVINOR AS
Mattilsynet
NHO Reiseliv
Zero Emission Resource Organisation AS
Sveio Orienteringslag
Norges Skogeierforbund
Norsk solenergiforening
Friluftsrådet Vest
Sveio jakt-, fiske- og naturforening v/ Vidar Høyland
Sveio turlag v/ Kjell M. Bua
Landbruksdirektoratet
FAGNE AS
Norsk Luftambulans AS
Norges Televisjon AS
Norsk Friluftsliv
NORGES LUFTSPORTFORBUND
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
OFFSHORE NORGE AS
NHO LUFTFART